

Årsmelding fotballgruppa 2023

Styre:

Stine Kvam Golf, leiar 2022-2023

Ørjan Skilbrei, sportsleg leiar 2022-2023

Margrethe Bøe, økonomi 2023-2024

Hilde Strand, styremedlem 2023-2024

Jan Kåre Stedje, styremedlem 2023-2024

Sissel Øye, varamedlem 2022-2023

Jan Tore Stølen, varamedlem 2023-2024

Styret har hatt møte ca 1 gong i månaden, oftare ved større arrangement eller dugandar. Prøvd å fordele oppgåver og ansvarsområder. Me vart tidleg enige i at varamedlem også skal vera ein del av møta då dette er ressurssterke personar som bidreg mykje i gruppa.

Me har til saman ca 150 aktive spelarar.

- 45 senior
- 30 Ungdom
- 75 Born

I tillegg har me trenarar, lagleiarar og dommarar som gjer ein kjempe innsats for at nettopp desse 150 aktive spelarane skal få spela fotball.

På årsmøte i LIL la fotballgruppa fram sak om å endra shortsfargen frå kvit til raud, noko som vart vedteke på møte. Sogn Sparebank sponsa oss med nye klubbgensarar, dette saman med nye shortsar gjorde at me ville auke treningsavgifta og inkludera klubbgensar, shorts og sokkar i treningsavgifta. Veldig flott og viktig at alle spelarane har likt utsyr. Dette gjer at alle føler samhold og tilhørighet til Lærdal IL. Saman er me alle eit lag!

Med nytt og fresht design har Fotballgruppa i Lærdal verkeleg markert seg dette året. I heilraudt frå topp til tå har me bemerka oss fleire stader. Me har blant anna deltatt på fleire turneringar og cupar. Ulike miniputtturneringar, Sør Cup, Ål cup og Voss Cup er nokre av dei, utruleg moro for både born og voksne.

Me har hatt fleire spelarar, både gutar og jenter, som har bemerka seg individuelt på sone, krets og akademi. Desse er gode representantar for fotballgruppa og Lærdal IL.



Her er G10 på sin første cup med overnatting. Dette er ei gruppe med mange ivrige gutar som trenar mykje også på fritida.



J13/14 har hatt eit veldig godt år. Dei har eit godt trenarteam rundt seg og ivrige spelarar har ført til gode resultat. Dei vann 2.div J13/14.

A-laget fortsett den gode trenden og lagar mykje liv og røre på stadion. Dette er veldig viktig for fotballen i bygda. Desse spelarane er gode og viktige forbilde for dei yngre i klubben. Hovedtrenar for A-laget, Øystein Lindesteg Rinde fekk pris under Kretstinget i november for innsatsen han har lagt ned over lang tid i Lærdal fotball og Sogn og fjordane fotballkrets.

Velkomen til opning av Lærdal kunstgras

Lærdal kommune og Lærdal Idrettslag ynskjer alle velkomne til opning av nyrenovert kunstgrasbane med nytt dekke og lysanlegg

26.september kl. 17:30

Det vert helsingar og sjølvsgat kake til alle

A-laget møter Balestrand kl 18:30

Vel møtt!



"På lag med bygdi"



Lærdal kommune

Det var nettopp A-laget som fekk æra av å spela kamp under opninga av ny kunstgrasbane på stadion. Feststemning med talar, kake og mykje folk. Eit godt samarbeid mellom Lærdal kommune og Lærdal IL gjorde at dette til ein suksess. Dette var ein stor og viktig dag! Sjølvaste ordføraren opna det heile ved å skåra mål på leiaren av fotballgruppa.

Dugnad veterancup

Miniputtturnering Mai

Dugnad Lærdalsmarknad Juni

Fotballskule august

Futsalturnering 10-14 år
November

Blomsterkøyring desember



«Saman reddar me liv i idretten»

-Samarbeid mellom Enivest og krets. Me har fått ein hjartestartar som heng utanfor kiosken, heng ute og er tilgjengeleg for alle 24/7, samt treningsutstyr til HLR. Alle spelarar i klubben frå 12 år skal ha opplæring i HLR og bruk av hjartestartar.

